



DEN NORSKE KYRKJA
Stedje Sokneråd

Sogndal 25.11.2021

Protokoll

Møte i Stedje sokneråd torsdag 25.11.2021 kl 19.30 på Stedjetunet

Desse møtte:

Sokneprest Vegard Bondevik Lie, Bente Karin Vathestad, Berit Amundsen, Eldbjørg Reppen Ølnes, Helge Torstad, Hans Magne Kvåle, Bjørn Skjeldestad, Ingunn Løvik (vara), Oddbjørg Uglum (vara) og Per Hilleren.

Kari Torhild Kvåle hadde meldt forfall.

Opningsord v/Vegard Bondevik Lie

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 28.10.2021.

Protokoll frå møte 28.10.2021 vart samrøystes godkjend.

Orienteringssaker:

1. Orientering frå ulike utval som medlemmane i soknerådet er med i.
 - a. Referat frå møte med kyrkjevertar 2.11.21 (lagt ved innkallinga) og munnleg orientering ved Helge Torstad.
 - b. Hans Magne Kvåle orienterte om møtet i trusopplæringsutvalet. Det er god oppslutning om babysong. Utdeling av bøker til bestemte aldersgrupper har stort sett gått som planlagt. Det meste går sin gang til tross for sjukmeldingar. Trusopplærar tek vidareutdanning og skal straks ha eksamen.
 - c. Diakoniutvalet. Alle sokn har slutta seg til at dette utvalet tek ansvar for eit arrangement for dei tildelte midlane (sjå tidlegare sak).
 - d. Kyrkjelydshytta. Bjørn orienterte om forhandlingane om vegrett.

Vedtakssaker:

AU hadde møte tysdag 23.11.2021 og gjorde framlegg til vedtak i samtlege saker.

Sak 25/21 Ny kyrkjeleg organisering.

Vedtak på soknerådsmøtet 28.10.21 gjekk ut på at ei arbeidsgruppe med Helge Torstad, Per Hilleren og Berit Amundsen jobbar vidare med høyringa, og kjem med framlegg til høyringsuttale
Arbeidsgruppa hadde møte 9.11.21, og kom fram til punkt som leiar skreiv inn i sjølve høyringsdokumentet
AU drøfta dette.

Soknerådet gjekk gjennom forslaget frå arbeidsgruppa og AU, og kom fram til at det mest ryddige og tydelege ville vere å berre svare på punkt 15/48 for å få fram at Stedje sokneråd meiner at dagens organisering er betre enn å danne store geografisk spreidde prostifellesråd, men at ei felles arbeidsgjevarlinje er ønskjeleg.

Vedtak:

Soknerådet går inn for å berre svare på punkt 15/48 og på den måten få fram at Stedje sokneråd meiner dagens organisering er betre enn høyringsframlegget. Leiar fyller ut dokumentet/skjemaet «høyringssvar» og skriv inn dei punkta som vart lagt fram i møtet.

Sak 26/21 Offertildeling første halvår 2022

AU sitt framlegg til vedtak er at vi stør saksutgreiinga som er gjort av Jostein Risa (vart sendt ut i lag med innkallinga).
Per Hilleren: NLM heiter no Misjonssambandet.

Vedtak:

Offertildeling 1. halvår 2022 vert gjort slik det ligg føre i den utsendte lista over offertildeling 1. halvår 2022

Sak 27/21 Møteplan for første halvår 2022

AU kom med framlegg om slik møteplan. for 1. halvår 2022: torsdagane 20.01, 17.02, 24.03, 28.04 og 9.06. Alle møta vert kl 19.30 på Stedjetunet.
Soknerådet fann at fire møte i halvåret kan vere nok, og at ein bør unngå kollisjon med andre arrangement som ein kjenner til.

Vedtak:

Møteplan for Stedje sokneråd for første halvår 2022 er slik: torsdagane 10.02, 24.03, 28.04 og 09.06. Alle møta vert kl 19.30- 21.00 på Stedjetunet.

Sak 28/21 Søknad om støtte til Torsdagsklubben

Søknad frå Torsdagsklubben v/Diakon Gitte Th Torstad var lagt ved innkallinga.
AU tilrår å innvilga søknaden.

Vedtak: søknaden vert innvilga.

Sak 29/21 Utlysing av soknepreststillinga i Stedje og Fjærland sokn.

Leiar hadde sendt ut «kladd» til utlysingstekst som var komen frå prosten i eigen e-post i god tid før møtet.
Etter drøfting i AU låg det føre ein justert tekst til møtet. ,

Vedtak:

Soknerådet vedtok det justerte framlegget til utlysingstekst med nok ei lita justering.

Sak 30/21 Val av leiar og nestleiar.

Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar (jfr Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd kap. 2.2.) Helge Torstad tek ikkje attval som leiar.

AU gjorde framlegg om Hans Magne Kvåle som leiar. Hans Magne var gjort kjent med framlegget før møtet.

Vedtak:

Hans Magne Kvåle er vald til leiar for 2021. Nestleiar: Kari Torhild Kvåle. Berit Amundsen held fram som sekretær.

Elles: Søknepresten bør også vere med i AU. Den nye leiaren ønskjer at AU skal trekkjast meir inn i førebuingane til soknerådsmøta.

Møtet slutt kl 21.00

Helge Torstad – leiar

Berit Amundsen – sekretær

Tilleggsopplysningar til protokollen:

Sak 26/21 Offertildelingar 1. halvår 2022. Etter at vi hadde møte 25.11.21, vart eg orientert frå kyrkjekontoret om endringar på gudstenestelista. Søndag 30.01.22 var det sett opp gudsteneste med utdeling av biblar til 11- åringar. Denne gudstenesta går ut, og er flytta til 6.2.22, då det skal vere konsert i kyrkja den 30.1. Det blir då offer til Bibelselskapet den 6.2.22. Offer til Misjon uten grenser går ut, og vi tildeler dei ved eit seinare høve.

Gudsteneste 13.2.22 går ut då det skal vere konsertkåseri om Hans Nielsen Hauge, Her var det sett opp offer til kyrkjelydsarbeidet.

Misjonsgudsteneste som var sett opp 27.3.22 er flytta til 20.3.22. Vi byter då offertildeling desse to datoane. 20.3 går offeret til NMS og Den norske israelsmisjon, 27.3 til NLM.

Gudsteneste 15.5.22 går ut. Det blir gudsteneste 17.5, og då går offeret til Kirkens bymisjon, Bergen. Opprinneleg var det offeret sett opp 15.5.

Har de merknader til tilleggsopplysningar til sak 26/21, gi tilbakemelding innan 5.12.2021.

Sogndal. 01.12.2021

Helge Torstad